

# HEIMEMISJONEN

nr. 3 - 2020 - 102. årgang



## Sang- og musikk, fest og glede i fosnavåg

**Sang- og musikkhelga i  
Fosnavåg 28.-30. august  
blei ein skikkeleg opptur!**

**Arrangørane** ImF Sunnmøre og Kristen Riksradio P7 fekk mykje ekstraarbeid i forkant av årets sang- og musikkhelg i Fosnavåg. Reiserestriksjonane i forbindelse med COVID 19 pandemien gjorde at mange av dei opprinnelige artistane ikkje kunne kome. Dette gjaldt songarane både frå Sverige og Færøyane. Men som ei av deltakarane formulerte det: «Vi klarar oss godt utan svensken».

**Morten Samuelsen** og Ingrid Kjosavik, begge frå Rogaland var årets hovudgjester. Ingrid er kanskje mest kjend frå Stavanger Gospelkompani mens Morten har ei lang fartstid bak seg som songar og artist. Dei tok forsamlinga med storm gjennom sine songar og sin opptreden både på og utanfor scena. Dei to hadde aldri møttes før, likevel gjennomførte dei mange flotte duettar meir eller mindre på sparket. Til stor velsigning for dei frammette, og med svært høg musikalsk kvalitet.

**Eit forsangarteam** med band som hovudsakeleg besto av lokale musikarar men som vart leia av kapellmester Leif Jacobsen frå Karmøy leia allsongen. Ein ny norsk tekst på ein gammal salme av Fanny Crosby, «Han meg holder fast» var gjennomgangssongen heile helga.



**Johnn Hardang** frå P7 var også dette året hovedtalar, og hadde «fuglane» som tema i alle sine andaktar. Samlingane vart leia av Johan Halsne. Lokale songarar som deltok var Tor Rødseth, Ragnhild og Jan Huse, Marit&Irene og Valderøykartetten.

**Trass streng** smittevernstiltak fekk deltakarane ei flott (og ikkje minst avslappande) helg. Både fredag og laurdag kveld var det to konserter,

henholdsvis kl. 1800 og kl. 2000. Slik kunne dei 200 fastbuande på Thon Hotell Fosnavåg saman med mange tilreisande få plass i konsertsalen innanfor grensa på 200 personar pr. samling. Maten og lokala på hotellet i Fosnavåg er førsteklasses, og dei mange deltakarane såg ut til å kose seg.

**Det vert ny** song- og musikkhelg i Fosnavåg same helga i 2021. Mange av romma på hotellet er allereie

bestilt, og ynskjer du å vere med på denne festhelga må du ta kontakt med Pluss-reiser.

**Tekst:** Arild Ove Halås

**Foto:** Randi Fagerhol Lauvås



**Johan Halsne**  
Krinsleiar  
ImF Sunnmøre 

# Avstand og nærliek

Eg har "lånt" overskrifta til leiaren denne gangen frå Solveig Leithaug. Ho har brukt den som overskrift for sin konsert turnè i Norge denne hausten.

**Dei to orda** romma det som er realiteten i våre liv og samanhengar etter 12.mars. Nå, framfor ein ny haust møter eg fleire som er usikre på om og når dei kan/vil starte opp arbeidet på sitt forsamlingshus og i si forsamling innanfor dei gitte rammer frå helsemyndighetene.

Årsaka til vegring kan vere fleire; som frykt, meirarbeid, usemje om gjennomføring og oppstarttidspunkt. Frå Imf Sunnmøre si side ynskjer vi oppfordre alle som kan til oppstart! I dei aller fleste situasjonar vil en klare å halde rett avstand og likevel kunne gjennomføre sine møter. Det er et meirarbeid, men ikkje større enn at de fleste klarer det.

**Mange har kjent** på utfordringa å ikkje kunne være ein del av sitt kristne fellesskap slik en var vane med før 12.mars 2020. Ser vi samla på det tilbod som kristne forsamlingar har gitt gjennom media som radio og digitale plattformer har det vært fullt mogleg å lytte til mykje forkynning. Eg har sjølv hatt gleda av å få vere med på dette, både gjennom vår radio, Radio Sunnmøre, og på sosiale medium. Eg er overtydd om at

vi gjennom dette har nådd mange med evangeliet, som vi elles ikkje møter.

**Det erstattar** likevel ikkje den opplevinga og betydning det er å vere en del av det kristne fellesskapet. Leser vi frå den første kristne tid, som og var ei krevjande tid, så var det å være en del av det kristne fellesskapet et bærande og byggande element. Det har ikkje den same verdi å sitte i godstolen heime å lytte, som det å være en del av sin kristne forsamling. Det kristne fellesskap er både å yte og nyte.

**"Det kristne fellesskap er både å yte og nyte."**

**Denne hausten** bør vi tenke og handle ut frå overskrifta: "Avstand og nærliek"

**Vi skal** være oss bevisst den avstand som skal vere mellom oss når vi samlast: Vi tek den ekstra utfordring det er med meirarbeid, i form av registrering, spriting, avstand og gode rutinar. Samtidig skal vi tenke nærliek. For mange er den forsamling dei er en del av det mest betydningsfulle nettverk dei har. Mange har kjent på einsemd og underskot på sosiale samkome. Og i dette fellesskap kan vi og denne hausten kjenne tryggleik i det å vere Jesus nær.

**Det han smitter** oss med, trenger både vi og dei vi møter å bli smitta med.

## ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

### Krinsleiar ImF Sunnmøre

Johan Halsne  
**Heimemisjonen**  
Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imfsunnmore.no  
**ImF-UNG Sunnmøre**  
imfung-sunnmore.no

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Ålesund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne – og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne – og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plussreiser AS**  
post@plussreiser.no  
Telefon: 70 17 90 00  
www.plussreiser.no  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosunnmore.no

# Bu heime-leir

Siste veka i sommarferien arrangerte vi ein 2 dagars «Bu-heime-leir» på Brusdalsheimen for 5.-7.klasse. Siste leiren før denne var i starten på mars, før Norge stengte ned.

Vi hadde tenkt noye gjennom korleis vi kunne avvikle denne leiren med gode smittevernstiltak, der vi mellom anna delte dei i små grupper i aktivitetane og dei hadde faste plassar i matsal og møtesal.

Vi var så heldige og ha med oss Olaug Bjørke som andaktshaldar. Ho arbeider i organisasjonen «Åpne Dører», og hadde fokus på dette også i andaktene. Vi fekk møte nokre av våre forfulgte søsken via filmsnuttar, og vi fekk

lage kort som vart sende som oppmuntring til barn i familiar som er ramma av forfølgelse. «En åpen dør» og «Guds familie», var tema som også talte inn i vår kvardag.

Vi hadde aktive dagar med aktivitetar ute, som inneheoldt både vanngevær, blueskyting, balansering, kubbekasting med meir. Av hobby kan vi nemne at dei fekk sy seg munnbind og lage seg båtar.

Brusdalsheimen er ein fin plass på slike fine sommardagar, og kjekt var det også med litt båtliv på det vakre Brusdalsvatnet, både med robåtar og dei sjølvlagda småbåtane.

Vi er glade for at vi fekk gjennomføre denne leiren. Vi



var ikke mange, fekk fleire avmeldingar i siste liten, men vi som var der hadde 2 kjekke dagar.

 Tekst & foto: Randi Fagerhol Lauvås

**VALDERØY BEDEHUS!**  
UNGDOMSFESTIVAL  
16.-18.  
oktober  
**Tema: synd**



## LeirHøst 2020

For påmelding:  
[www.imfung-sunnmore.no](http://www.imfung-sunnmore.no)



**Minileir**  
2.-4. klasse  
430 kr

26.-27. September  
14.-15. november

Brusdalsheimen

**OrrenesLeikane**  
5.-7. klasse  
660 kroner

18.-20. September

Orreneset

**NightGames**  
7.-10. klasse  
660 kroner

30.Oktober-1.November

Orreneset

2022  
**PASSION  
PLAY**  
OBERAMMERGAU



**Bli med oss på tur til  
Pasjonsspillet i Oberammergau 2022.**

Spillet ble utsatt i to år som følge av Covid-19. Det var rift om plassene på de planlagte turene for 2020, og vi håper og tror at interessen er like stor for 2022.

Vi presenterer nå et program på 20 turer. Fullstendig turprogram finner du på vår hjemmeside, eller ta kontakt for å få tilsendt brosjyre.

**Plussreiser.no / 70 17 90 00**



**PLUSSREISER**  
*– mer enn ferie*

# Nytt frå Radio Sunnmøre

Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er dagleg leiar for ein radio som stadig får fleire lyttarar. Ikkje minst gjennom våren med stengte forsamlingshus fekk radioen bety mykje, og det gjorde at mange nye lyttarar oppdag Radio Sunnmøre. Det er nå faste lyttarar over heile Noreg, og i tillegg veit vi at det er folk som hører på Radio Sunnmøre i omtrent 40 land rundt omkring i verda.

Som tidlegare sender Radio Sunnmøre 73 timer i veka på FM og DAB i Sunnmørs-regionen. Hovudsendingane er kl. 0900, 1200, 1500, 1700 og 2100. Stadig fleire lyttarar via internettradio eller gjennom appen RadioPlayer.

Søkjer du opp Radio Sunnmøre på ein av desse plattformene, kan du høre på sendingane våre 24/7. Lurer du på korleis du kan få dette til kan du gjerne ta kontakt med oss i radioen.

Det vert lagt mykje arbeid ned i å fylle sendetimane med

godt innhold. Fleire spanande eigneproduserte seriar som «Bibelpraten», «Sjømannspresten», «Johanne på Madagaskar» og «Nytt frå Barnevakten» vert sendt regelmessig.

Nytt i haust er at vi igjen har fått oss ein kontaktperson i Israel. Te'ena Ben Haim bur i Jerusalem saman med sin mann og to born. Ho er eigentleg frå Rogaland men har budd lenge i Israel og kjenner landet godt. Kvar tredje veka vil ho gje oss oppdateringar frå livet i Israel.

Ved å sende 24 timer i døgnet, 7 dagar i veka kan Radio Sunnmøre også sende meir av sine eigne program. I tillegg står nokre program både frå Norea og P7 på vår sendeplan, deriblant Vindu mot livet med Johnn Hardang. Nytt i haust er også at vi sender innslag med Noreapastor Asbjørn Kvalbein.

Ei anne nyheit denne hausten er at Radio Sunnmøre har fått seg ny nettside, på same adressa som tidlegare - [www.radiosunnmore.no](http://www.radiosunnmore.no). Her finn du sendeplan både for FM/DAB og for Internett/RadioPlayer. Du finn også dagleg



ferske innslag og nyheitssaker, seriane våre, ord til ettertanke og så vidare. Radio Sunnmøre er også aktive på Facebook og Instagram, samt at vi dagleg legg ut nye ting på vår PodCast.

Årets radiolotteri vert trekt 29. september og vi vil rette ein stor takk til alle som har kjøpt lodd. Vi vonar at årets Radiomesse den 7. november også kan gjennomførast innanfor dei smittevernsreglane som til ei kvar tid er gjeldande.

**Radio Sunnmøre** er 35 år dette året. Den store jubileumsfesten som var planlagd i vår måtte utsettast, men no vert det jubileumsfest i Langevåg bedehus søndag 18. oktober kl. 1700. Programmet blir det same som var planlagd i vår. Følg med på sendingane våre så får du meir informasjon om både jubileumsfesta, radiomesse og mykje anna.

Tekst: Arild Ove Halås  
Foto: Radio Sunnmøre

## Møre-elever på stats- ministerens kontor

Før Norge stengte ned på grunn av Corona-epidemien i mars arrangerte «Frukt og grønt» en konkurranser blant landets ungdomsskule elever. Fokus var et sunt og variert kosthold, og utfordringen var å komme frem med et godt slagord som kan inspirere særlig ungdom til å spise sunt og variert. Lag din egen lunch var navnet på konkurransen.

Thea Kristine Dahl Lerstad, Julie Drønnesund og Mari Kristin Helgheim fra Møre Ungdomsskule Ålesund kom fram til følgende



slagord: «Spiser du variert, blir du premiert, men en sunn kropp som fungerer topp».

Dei gjekk heilt til topps i konkurransen, og mandag 7. september var de sammen med sin lærer Gry Sæter invitert til å besøke statsminister Erna Solberg. Hun kunne blant annet fortelle at hennes barn hadde hatt grovbrød på nista, og ofte fått havregrøt til frokost. Etter besøket hos Erna Solberg, var de på besøk hos kunnskapsminister Guri Melby.

Tekst: Arild Ove Halås  
Foto: frå statsministerens kontor

LANGEVÅG BEDEHUS  
SØNDAG 18. OKTOBER  
KL. 1700

JUBILEUMSFESTING  
RADIO  
SUNNMØRE  
35 ÅR

LEIF ERIK  
BONDEVIK

KNUT  
BERGHEIM

ADONAI

GRO  
HOFSEIDE

ARILD OVE  
HALÅS

HISTORIE  
& FRAMTID



JUBILEUMSKAKE &  
JUBILEUMSGÅVE

HJARTELEG VELKOMEN!

VIKTIG MED PÅMELDING til:  
[70154100/post@radiosunnmore.no](mailto:70154100/post@radiosunnmore.no)

# Malingsarbeid på Brusdalsheimen

I løpet av sumaren og hausten har Brusdalsheimen fått seg ei skikkeleg ansiktsløftning. Hovudbygget er måla utvendig slik at heile huset no er grått, og i gamlehytta har dei fleste romma fått ny farge på veggane.

Det begynte i sommar da organisasjonen Reto Norge frå Østfold besøkte Brusdalsheimen og arrangerte sin årlege familieir der. Dette er ein organisasjon som arbeider for menneske som har problem med rusmidlar. Dei fekk låne Brusdalsheimen gratis og ordna seg sjølv ei heil veke. Som betaling stilte dei med 10 karar som var igjen når dei andre reiste og jobbe dugnad ei heile veke. Fleire av desse var bygningsfolk og fagfolk, så mykje vart gjort og det vart gjort skikkeleg.

I tillegg til mykje vedlikehald var det altså maling som var eit av hovudprosjekta. Etter at desse karane reiste har lokale dugnasfolk med dagleg leiar Arvid Lukkedal i spissen fortsett med å male gamlehytta innvendig.

Noko av resultatet ser du på biletta, men det beste er å ta seg ein tur og



sjå sjølv, neste gong det skjer noko på Brusdalsheimen.

**30.-31. oktober** blir det Inspirasjonshelg for kvinner med diakon i Giske, Berit Johansen som talar.

**20.-21. november** blir den årlege julemarknaden for Brusdalsheimen. Den er planlagt å gå som normalt innanfor gjeldande smittevernstiltak.

Tekst: Arild Ove Halås  
Foto: Hilde Giske Lukkedal

## Hilde Gjengedal med sin første CD

Hilde Gjengedal er kjent for mange på Sunnmøre som sanger og forkynner. Hun har i mange år reist rundt, ofte sammen med Gudrun Longva og talt, sunget og spilt på møter rundt om i ulike bedehus og forsamlingshus.

Hilde har i mange år gått med en drøm om en dag å gi ut sin egen CD, og i vår ble denne drømmen realisert. CD-plata «På hjemveg» kom ut med 10 sanger. Noen av tekstene og melodiene er skrevet av Hilde selv, andre sanger er kjente bedehussanger. Med seg på plata har Hilde Håvard Sveås og Elisabeth Walderhaug med fleire.

Plata kan du få kjøpe ved å henvende deg til Hilde direkte, og vi har den til salgs på kontoret til ImF Sunnmøre.

